

Stor aktivitet i skulen i vinterferien.

18.02.2016



Det kjem nytt golvbelegg i fleire rom i skulen.

Denne veka er det tomt for elevar og lærarar i Uskedal skule. Vinterferien har spreidd dei rundt omkring. Dei som trur at det då er utan aktivitet i skulebygget, tar skikkeleg feil. Nye golvbelegg og nybona golv, nytt flott veggmaleri og ymse anna som er reparert, vil møta elevane og lærarane når dei startar opp att etter den velfortente ferien.



[Gaute Haugland er i gang med eit nytt flott maleri som skal pryda hallen.](#)

Då eg var nedom skulen torsdag, møtte eg først på to frå firmaet Sandvoll Entreprenør som var godt i gang med å leggja nytt golvbelegg.

- Vi skal leggja nytt belegg i nokre av romma i denne fløyen, kunne Bård Blom frå firmaet fortelja, og dei var alt godt i gong med romma i den delen som ligg nedover langs Sandabakkane.

Borte i gangen var reinhaldar Ingunn Olsen i full gang med å polera golvet, medan vaktmeister Per Hjelmeland runda hjørnet i full fart klar for å få gjort noko nødvendig reperasjons- og vedlikehaldsarbeid.

Inne i hallen har det vore gjort eit større arbeid. Dette var Gaute Haugland godt i gang med å gje ein skikkeleg finish. Han stod nemleg i ein lift med sprayboksane sine, og var i arbeid med eit nytt, flott veggmaleri. Denne saka kjem vi tilbake til når arbeidet er ferdig.

Det er flott å sjå at skuleferiane vert brukt til slikt arbeid med skulebygga!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland